



Kjære vener!

Me opplever eit fråfall frå Guds ord i det norske folk som ikkje har vore større sidan kristendomen vart innført i landet vårt. Meir enn nokon gong treng med kristne skular som kan vere med å gje borna del i ein kristen arv gjennom livet. Paradokset er at det i denne tid er svært vanskeleg å få lærarar til disse skulane. Difor burde kristenfolket oppmuntre dei unge til å ta lærarutdanning med tanke på å gå inn i denne kallsoppgåva, og be om at Herren kunne få drive arbeidarar ut.

Under ser du annonsen som vert rykt inn i DagenMagazinet i dag onsdag 25.6. og fredag 27.6. KKS er takksame om du kan vere med å be om at Herrens kunne få røre ved nokon som kunne sjå det som eit kall å hjelpe Kvam Kristne Skule (www.kks.as) i denne situasjonen ein no er i. (DRL 25.06.08)

Kvam Kristne Skule (KKS) er ein 10-årig grunnskule som starta sist haust, og held til i Norheimsund i Hardanger. Kommunen har ca. 8200 innbyggjarar, sjå www.kvam.no. Her er fin natur og det er høve til aktivt friluftsliv. KKS har si forankring i den evangelisk/ lutherske lære, og er mellom anna godkjend med eigen læreplan i kristendom.

KAN DU HJELPA OSS ?

Kvam Kristne Skule står i fare for å verta nedlagd etter berre eitt års drift, då rektoren som tok på seg å starta opp skulen, sluttar til hausten. I tillegg manglar me lærarar innanfor ulike fag.

Me treng difor hjelp frå personar som kan tenkja seg, eller kjenner på kall til å arbeida i ein kristen skule. Elevane har hatt eit gildt og lærerikt år, og det hadde difor vore tragisk om skulen vert nedlagd til hausten.

Dersom du som les dette kan tenkja deg å hjelpa oss for ein kortare eller lengre periode, er me takksame om du snarast tek kontakt med styreleiar Eivind Straumstein på tlf. 48 14 49 89 / 56 55 26 48. Me har stor rektor-/ lærarbustad til disposisjon. Sjå info: www.kks.as.